



Øyvind Glosvik:

Lærande utdanningssystem?

Samordning på fylkesnivået som
mogeleg forklaring på variasjonar i
skuleresultat?

Kva er «annleis» i utdannings-SF?

- Problemstilling: Er det ei høgare grad av integrasjon i det vi kan kalle kollektive profesjonaliserings- og kvalitetsutviklingsprosessar i SF enn i tilsvarande fylke?
- Blir utdanningspolitiske tiltak sett ut i livet på ein noko annan måte i SF enn i andre fylke?
- Konkrete spørsmål:
 - kva særpregar utdanningssystemet i Sogn og Fjordane, samanlikna med tre andre fylke?
 - Kva er det dette systemet gjer, som ikkje andre gjer tilsvarande?
 - kva arbeidsmåtar pregar systemet?
 - korleis oppfattar informantane sambandet mellom dette systemet og skuleresultata i Sogn og Fjordane?

Metode:

- Samanlikne fire fylke som utdanningssystem (AA, NT, Oppl., SF)
- Snøballmetode for å samle informantar
- 24 intervju gjennomførte (SF=9, NT=6, AA=5 og O=4)
- Kva er eit fylke som «Utdanningssystem»?
- Definisjon i denne studien: *Relasjonane* mellom aktørar som arbeider med utdanning

Kva kan slike metodar seie nok om?

- Lage teoriar, lansere forståingsformer
- Ein «forstår» eit fenomen, ein «forklarer» det ikkje
- Det ein kan finne, er td ein abstrakt modell som kan brukast for å reflektere over egne erfaringar, eigen ståstad
- Den abstrakte modellen frå denne studien veks ut av alle intervjua, ikkje berre dei frå Sogn og Fjordane.

Resultat: Sogn og Fjordane er «odd man out»

- Sogn og Fjordane *er* «forskjellig»!
- Det er eit langt meir omfattande og tettare samarbeid mellom aktørane i SF enn i noko av dei tre andre fylka.
- Relasjonane er tettare, meir krevjande - og integrerande, og det ser ut til å skape høgare grad av funksjonalitet i Sogn og Fjordane
- Dei tre andre fylka er «normale», i meininga at grad av samarbeid, nivå av tillitsrelasjonar, og omfang av kollektiv handlingskapasitet stort sett følgjer organisasjons- og forvaltningsgrensene slik dei er forutsett å gjere i norsk, offentleg forvaltning

Ny hypotese:

- Det ser ut til å vere variasjon i måtane ein veljer å forklare skuleresultat i ulike fylke
- Dette kan påverke måtane ein veljer å arbeide med skuleutvikling
- To ulike diskursar om kva som forklarar resultat?

«Resultatforklaringar»?

- Skuleresultat skuldast trekk ved den lokale kulturen, ved måten verdien av utdanning, skule og læring blir omtalt, dyrka og framheva, mellom anna av foreldre og i lokalsamfunnet. Sterkt fokus på verdien av utdanning, fører til gode skuleresultat. Og omvendt..
- Skuleresultat skuldast trekk ved utdanningssystemet, kunnskapsnivået til læraren eller til andre trekk ved utdanningssystemet

Døme på diskursen i Sogn og Fjordane

«Det er mange samanhengar bak gode skuleresultat, men eg har vanskeleg for å tru at ikkje all EVU-verksemda har verka»

«Kva som er årsak og verknad vil eg ikkje spekulere i (..) men det eg kan seie, er at vi er best til å skape vilkår for læring.. vi er norgesmester i etter- og vidareutdanning»

«..utan bevis for det, trur eg lærarane heile tida (er) i utvikling, og heile tida er (i) søking etter betre måtar å gjere det på i høve elevane..innbiller meg elevane lærar meir i ein slik kultur, enn der alle lærarar (driv) på gamlemåten»

«..eg trur lærarar som er bevisste sitt fag, som får utvikle seg..smittar over på elevane. Så dette med skuleeigarprogrammet (som) har auka positivitet og engasjement rundt skulen»

Døme på diskursen i Aust-Agder

«..opplever heile tida ein negativ haldning til skule, at det ikkje er noko som er viktig»

«..skulle så gjerne hatt fleire som brydde seg om utdanning»


«..mange ressursvake kommunar med oppsamling av krevjand elevar»

«Skuleresultat? Skulle ønske det var trekk ved grunnskulen, men trur ikkje på det. Det er utanfor skulen du finn svaret: i heimen, mentaliteten i samfunnet, i historien, om tradisjonelle dannelsesvegar som ikkje treng utdanning»

Legg merke til:

- Utsegnene frå Sogn og Fjordane kretsar omkring det som ligg innanfor det aktørane i utdanningssystemet har kontroll over, det dei kan gjere noko med
- Utsegnene frå Aust-Agder kretsar om det som ligg utanfor utdanningssystemets kontroll
- «Sant/usant»? Har ikkje med saka å gjere. Kva veljer du å tru er sant..?

Forskjellar mellom dei fire fylka




Definisjon i denne studien: *Relasjonane* mellom aktører som arbeider med utdanning



Kva særpregar systemet?

- Ein fast «møtestruktur» som strekkjer tilbake til iverksetjing av Reform 97
- Søkelys på
 - etterutdanning av lærarar
 - generelle utdanningspolitiske utfordringar
 - utviklingstiltak i *felles* regi (vinn-vinn)
- Konkrete uttrykk: Forum for skule- og barnehageutvikling



Det spesielle er ikkje at det er etablert ein slik struktur, men at den fungerer!

Alle fylke har delene - men set dei saman delene til ein heilskap?

Kva gjer systemet?

- Det er eit samordningsorgan – det som blir samordna er
 - Utdanningsdirektørens møter- med dei skuleansvarlege i kommunane – ein nasjonal styringsmåte
 - KS, (Sogn og Fjordane fylkeskommune) og dei fire regionleiarane i skuleutvalet
 - Regionale samarbeidsprosjekt mellom kommunar
- Korleis følgje opp i andre fora og samanhengar, t.d. i rektormøter, på Sogn og Fjordane lærarstemne, regionsamlingar for lærarar



Kva arbeidsformer pregar systemet?

- «Lærande møter» som arbeidsforma blir tillagt stor vekt.
- Heller enn å presentere ferdig utgreia saker, blir ein presenterte for problemstillingar, utan framlegg til løysingar. Bryte «sakshandsamingsstilen: Gå inn i eit møte og erklære seg usamd..»
- Likskap mellom medlemene – ikkje hierarkisk struktur

Kva systemet ikkje er

- Dette er ikkje eit prosjekt – det er sentrale linjeleiarar med reell makt og mynde som møtest
- Forum er ikkje eit beslutningsorgan – det er eit drøftings- og samrådingsorgan
- Forum er ikkje ein iverksetjingsorganisasjon- sakene blir sette ut i livet innanfor dei formelle organisasjonane medlemene høyrer til

Informantane overtydde om at møta i Forum er ein god ting, men vanskar med å finne dei rette omgrepa


- Felles overtyding om at samanknytinga av aktørane i Forum fører til høgare grad av profesjonalisering, ei sterkare grad av orientering mot kompetanseutvikling i yrkesutøvinga i skulane – i brei tyding. Det handlar ikkje berre om læraranes yrkesutøving, men dei skuleansvarlege i kommunane, i KS, i Utdanningsforbundet, i høgskulen og i forvaltninga.
- Ikkje minst fører systemet til at ein går i takt (det finnst fleire måtar å komme i takt på...)

Skapar systemet «resultat» i SF?

- Ingen trur på direkte årsakssamanheng med «skuleresultat»
- Ein trur det skapar betre skular og betre rammevilkår for lærarane
- Drivkrafta er «utdanning» og «skule» som verdi i seg sjølv
- Eit integrert *ansvars-system* som treff alle som har med grunnskule å gjere
- Eit system for *omfattande evu* som ikkje liknar dei tre andre fylke (HiSF si rolle)
- Samarbeidet er blitt styrka fordi ein har blitt klar over gode skuleresultat

Konsekvens: Eit system som stimulerer systemet

- Kommunar blir utfordra konstruktiv på langt meir dynamiske måtar enn ein tradisjonelt gjer i møtet mellom statsforvaltninga og kommunane
- Dei kommunale representantane må sjølv førebu framlegg til korleis utfordringar skal løysast
- Lærer- og lærarutvikling integrert i ei tenking om skular og utdanning



Konklusjonen min:

- Ein forskjell som betyr noko: Gode relasjonar som bind saman deler av eit system til noko som fungerer på eit høgare nivå enn delsystema klarer
- Målet med systemet er å få gode skular og å få vektlagt utdanning, ikkje å skape gode skuleresultat..
- Det er eit funksjonelt utdanningssystem

Definisjon i denne studien: *Relasjonane* mellom aktører som arbeider med utdanning



Det som skapar funksjonalitet: Relasjonane




Lærande utdanningssystem?

Ein modell

Byggjer på data frå alle fire fylka, alle informantane


Eit lærande utdanningssystem?



Figur 1: Eit lærande utdanningssystem

Utvikling av eit lærande utdanningssystem: Fire læringsarenaer

- Individuell kunnskapstileigning: (den einsskilde lærar, rektor, skuleleiar) – auke merksemda retta mot kunnskap
- Organisasjonsutvikling: kommunen si rolle som ansvarleg for skulen, samspelet mellom skule, kommune, region, styresmakter og andre




Figur 1: Eit lærande utdanningssystem

- Profesjonsutvikling: Bruken av kunnskap i eit fagfellesskap på den einsskilde skule (søkelys på klasseleing, didaktikk, resultat, læringsmiljø)
- Systemutvikling: Kva fremjar dei tre andre prosessane?

Systemutvikling: Takt


- Kva kan vi snakke om, kva kan takast opp?
- Takt/tid/rytme/
- To måtar å komme i takt:
 - kommando
 - gjensidig tilpassing



Figur 1: Eit lærande utdanningssystem

Systemutvikling: Tillit


- Personleg tillit
- Institusjonell tillit
- Nøkkelspørsmål!
- Krevjande prosessar



Figur 1: Eit lærande utdanningssystem

Systemutvikling: Translasjon


- Kontekstualisering = «kva betyr det her hos OSS»
- Utfordringar modifierer eksisterande praksis



Figur 1: Eit lærande utdanningssystem


Systemutvikling: Truverd

- Linjeleiarar – ikkje prosjekt
- Leiarar med ansvar for innhald
- Dei som deltar, har muligheit til å gjere noko



Figur 1: Eit lærande utdanningssystem

Variasjon mellom fylka?



Figur 1: Eit lærande utdanningssystem


Større tru på kollektive løysingar i SF, likevel sterkt fokus
Alle fylke følgjer opp så godt dei klarer

Ny hypotese?

- Er det mogeleg for andre utdanningssystem å ta ein snarveg - å gå direkte til fokus på læringsarenaen profesjonsutvikling?

Ny hypotese:

- Det ser ut til å vere variasjon i måtane ein veljer å forklare skuleresultat i ulike fylke
- Dette kan påverke måtane ein veljer å arbeide med skuleutvikling
- To ulike diskursar om kva som forklarar resultat?



Kritiske merknader

- Litt vel mykje «misjonsmøte»
- Representativitet - einskilde, høge røyster – kven talar dei for..
- Fylkeskommunen si rolle, vg utdanning
- Politisk skjøn og vurderingar utanfor den politiske sfæren
- Mangel på dialog om systemet sjølv

Ei åtvaring til Sogn og Fjordane

- Ikkje bli sjølvfornøgde!
- Vi studerer fortidas problemløysing – ikkje gitt at vi har dagens modell her
- Ikkje bli for oppteken av delene i systemet (regionløysingar, HiSF si rolle)

Sjølvkritiske merknader

- Å forske på seg sjølv – HiSF og eiga rolle? Mi rolle som deltakar i det systemet eg forskar på?
- Det komparative perspektivet er vanskeleg, men viser fram forskjellar. Men berre nokre vert lagt vekt på. Finnst også likskapar eg hoppar over!
- Konteksten: Forskingsprogrammet *Learning Regions* set skuleresultat i sentrum: kva skal eigenleg eg «forklarer» - «forstår»?

Takk!

- Takk til dei 24 informantane i Sogn og Fjordane, Aust-Agder, Oppland og Nord-Trøndelag
- For gode, åpne og informative samtaler om vanskelege tema